

litt om serien

Vendepunkt - livsforvandlande møter med Jesus

Kristendommen: For mange har ordet dårlig klang.

Tankane går til dogmer, dominans og antidans. Det handler om salmepugging og dogmetru, og det verkar eigentleg ikkje så attraktivt. Men essensen i kristen tru er relasjon, eit møte med Jesus. Det slåande er at Jesus har evna å møte så utrulig mange forskjellige folk, i så mange forskjellige kulturar til så forskjellige tider. I møte med Jesus har ulike personlighetstypar med ulike livshistorier fått eit livsforvandlende vendepunkt.

Det er akkurat nokre av desse møtepunkta med Jesus vi ønskjer å trekke fram i denne serien. Dersom slike folk kunne få møtepunkt med Jesus som vart til vendepunkt i livet, ja då kan du også!


litt om tema:

Jesus og gravholemannen

I Lukas 8 reiser Jesus utanlands og indikerer med dette at hans liv og teneste ikkje kun er for Israel, men for heile verda. Her møter han ein mann som er besatt av vonde ånder. Det totalt ufrid i å bli beherska av ei makt som tvingar, fengsler og låser er påtakelig. Han søker tilflukt blant lika i gravhulene utanfor landsbyen. Kva liv har denne mannen?

Jesus deltek i denne virkeligheten, ein åndelig virkelighet som nokre av oss vert veldig skeptiske til, andre tykkjer er veldig spennande. Det finnast både overtru og undertru. Faktum er at det finnast ein åndelig kamp å kjempe. Ein kamp Jesus har kjempa for oss og vunne siger i. Med guddommelig allmakt bryt han lenkene rundt denne mannen sine føter og set han fri: fri til å leve, fri til å tru, fri til å vitne. Kristen fridom er ikkje å vere lauskopla frå alt og alle, men å vere bunden til Kristus. For bunden til han er ekte fridom å finne. Også for deg!

Den ufrid



Bibel

Luk 8, 26-39 Spørsmål til teksten

1. Kva trur du Lukas vil fortelje med å legge denne episoden til heidningeland, utanfor Israel?
2. Kva i teksten tykkjer du er særlig utfordrande, eller særlig merkeleg?
3. Kva meiner du er teksten sitt hovedbudskap?



Misjon

Gjennom deg og vidare

Ein markør for mykje av kristen teneste i verda har vore frigjering. Kven, i din omgangskrets kan du vere med å gjere livet friere for gjennom din tsruspraksis i kvardagen?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Korleis reagerer du på den åndelege røyndomen Jesus her gjev seg i kast med? Usikker, redd, nyskjerrig, begeistra?
2. Kva ting eller saker skapar ufridom i liva våre?
3. På kva måte har du erfart Jesus som frigjerar i livet ditt?



Raushet

Takksam deling

Fri til å vere den ein er - kanskje den største gåva vi kan gje kvarandre. Kva med ei runde i gruppa om kva de verdset med kvarandre sine bidrag i gruppa og som gjer kveldene saman meiningsfulle?



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for hans store frigjatingsprosjekt - Jesu liv og død og oppstod for deg!
2. Be om mot til å våge å leve ut denne fridommen som evangeliet gjev i kvardagen, så vi ikkje låsast fast ting og eigne prosjekt som ikkje varer.
3. Be gjerne for kvarandre og for ting de opplever låser livet og hindrar glede.

Som kristne veks vi ved å lære oss å høre Guds tiltale til oss, og så handle på det. Frå samtalane, tekstane og bønnene i dag: kva har blir ståande som viktigast? Du bestemmer sjølv om du vil dele dette med gruppa.

Kva Hørde eg?

Kva Gjer eg med det?

vende-
LIVSFORVANDLANDE
PUNKT
MØTER MED JESUS